



Elin Legland er attvalt i Sp. (Foto: Kvinnheringen)

Framleis er to av parti-leiarane i Kvinnherad frå Uskedalen. Gunn Mari Moberg i Høgre var ikkje på val i år og Elin Legland i Senterpartiet er attvalt.

I styret elles sit nestleiar Torgils Våge, studieleiar Kjetil Mehl, skrivar Leiv Guddal, kasserar Lars Werner Solheim og styremedlemmene Are Traavik og Alexander Løyning.

Sp startar arbeidsåret med medlemssamling fredag 22. januar. Då vil det nye styret bli presentert og det blir både politiske og sosiale innslag for nye og gamle medlemmer.

Ei av dei viktigaste oppgåvene i det nye året blir å fortsetja arbeidet med å sikra ein god kommuneøkonomi, blir det understreka i ei pressemelding frå partiet. Ein må ha fokus på at dei kommunale inntektene får ei god fordeling mellom drift og investering. Inntektene frå kraftfondet må ikkje brukast som ein del av den daglege drifta men som ekstra ressursar til gode for alle.